Vår grøne kyrkjelyd

HANDLINGSARK FOR GRØNE KYRKJELYDAR

Verda står overfor store miljø- og klimautfordringar. Det er lett å bli handlingslamma eller å leggje ansvaret over på andre. Som kyrkje er vi kalla til å vere gode forvaltarar av Guds skaparverk og Jesu Kristi etterfølgjarar. Derfor må vi heile tida bli flinkare til å handle berekraftig.

Bli med på å tenkje globalt – og å handle lokalt! Denne plakaten er eit verktøy for lokalkyrkjelydar som vil vere ein synleg del av arbeidet for ei rettferdig og berekraftig verd. De blir med ved å:

- *gjere eit vedtak om at de vil vere ein grøn kyrkjelyd*
- *velje 25 av tiltaka på plakaten (minst to frå kvart område) som de lovar å følgje*
- *registrere dykk på www.grønnkirke.no som grøn kyrkjelyd og vere med i det store nettverket av grøne kyrkjelydar over heile landet*

Som takk og ros for arbeidet og engasjementet får kyrkjelyden tilsendt ein flott plakat med hustavla "Ropet frå ei såra jord". Heng han gjerne på ein eigna stad som eit vitnemål om vedtaket dykkar, og som inspirasjon i arbeidet med tiltaka.

Bli med i kampen for kloden vår og alle som bur på han!

Omsett til nynorsk av Norunn Stendal Aksnes, 2011

* Ressurssidene www.grønnkirke.no er eit felleskyrkjeleg samarbeid i regi av prosjektet Skaperverk og bærekraft: Et felles kirkelig tiår for endring i kirke og samfunn. Dei som eig prosjektet, er Noregs Kristne Råd, Den norske kyrkja og Kyrkjas Naudhjelp.

Gudstenesteliv

- ☐ 1. Vi vil feire *Skaparverkdagen*
- ☐ 2. Vi vil arrangere minst éi gudsteneste i året med søkjelys på miljø, forbruk og rettferd
- ☐ 3. Vi vil bruke Grøn kyrkjebok gjennom heile kyrkjeåret
- ☐ 4. Vi vil ta med miljø-, forbruks- og rettferdsperspektiv i bøner, liturgiar, preiker og talar der det er naturleg
- ☐ 5. Vi vil arrangere gudsteneste i friluft minst ein gong i året
- ☐ 6. Vi vil samle inn pengar til ein miljøorganisasjon minst ein gong i året

Undervisning, diakoni og informasjon

- ☐ 7. Vi vil velje ein miljø- og rettferdskontakt i kyrkjelyden som er bindeledd til nettverk i kyrkjesamfunnet eller bispedømet vårt og til det felleskyrkjelege nasjonale nettverket
- ☐ 8. Vi vil integrere miljø-, forbruks- og rettferdsperspektiv i undervisninga, trusopplæringa og barne- og ungdomsarbeidet vårt
- ☐ 9. Vi vil arrangere temakveld med søkjelys på miljø, forbruk og rettferd
- ☐ 10. Vi vil ta med stoff om miljø, forbruk og rettferd i kyrkjelydsbladet
- ☐ 11. Vi vil delta i fasteaksjonen til Kyrkjas Naudhjelp (KN) og ha ein KN-kontakt i kyrkjelyden
- ☐ 12. Vi vil delta i dei politiske kampanjane til Kyrkjas Naudhjelp og Changemaker
- ☐ 13. Vi vil samarbeide med ein vennskapskyrkjelyd i Sør
- ☐ 14. Vi vil verve medlemmer til organisasjonar som arbeider med miljø- og rettferdsspørsmål

I lokalsamfunnet

- ☐ 15. Vi vil teste kor gode butikkane i nærmiljøet vårt er på utval, profilering og prising av varer med Fairtrade-merking og av økologiske og svanemerkte varer
- ☐ 16. Vi vil utfordre kommunen vår til å bli Fairtrade-kommune
- ☐ 17. Vi vil utfordre lokale bedrifter, kommunale etatar, kyrkjelege fellesråd eller andre til å bli miljøfyrtårn
- ☐ 18. Vi vil samle underskrifter til politiske kampanjar som Kyrkjas Naudhjelp held i lokalmiljøet
- ☐ 19. Vi vil arrangere loppemarknad eller bytemarknad
- ☐ 20. Vi vil arbeide for eit godt kollektivtilbod og/eller betre vilkår for syklistar i nabolaget vårt
- ☐ 21. Vi vil utfordre stortingspolitikarane frå fylket vårt til å handle i konkrete miljø- og rettferdsspørsmål

Innkjøp

- ☐ 22. Vi vil kjøpe så lite som råd
- ☐ 23. Vi vil velje Fairtrade-merkte produkt når slike finst
- ☐ 24. Vi vil velje miljømerkte produkt når slike finst
- ☐ 25. Vi vil velje lokalt produserte matvarer når slike finst
- ☐ 26. Vi vil velje økologisk dyrka matvarer når slike finst
- ☐ 27. Vi vil verken bruke miljøfarlege kjemikal til reingjering eller sprøytemiddel og kunstgjødsel
- ☐ 28. Vi vil velje miljøsertifiserte leverandørar av varer og tenester når det er råd

Energi

- ☐ 29. Vi vil ta ein enøk-kontroll av bygningane som høyrer til kyrkjelyden
- ☐ 30. Vi vil bruke sparepærer og sløkkje lyset i rom som ikkje er i bruk
- ☐ 31. Vi vil senke temperaturen når det ikkje er folk i kyrkja, på kyrkjelydshuset og på kontora
- ☐ 32. Vi vil installere varmepumpe, varmevekslar eller solfangar
- ☐ 33. Vi vil skru av pc-en når vi går for dagen
- ☐ 34. Vi vil fylle opp oppvaskmaskina før vi set henne på
- ☐ 35. Vi vil bruke bioenergi (pellets eller ved) og grøn straum (straum som er garantert produsert frå fornybare energikjelder)

Transport

- ☐ 36. Vi vil oppmode kyrkjelyden til å gå, sykle eller reise kollektivt til/frå kyrkja eller møtelokalet
- ☐ 37. Vi vil redusere bruken av bil og fly ved tenestereiser
- ☐ 38. Vi vil unngå å bruke bil i nærmiljøet og på korte turar
- ☐ 39. Vi vil leggje til rette for sykkelparkering ved kyrkja eller møtelokalet
- ☐ 40. Vi vil klimanøytralisere flyreisene våre

Avfall

- ☐ 41. Vi vil unngå å bruke eingongsprodukt ved servering/kyrkjekaffi
- ☐ 42. Vi vil oppmode medlemmene i kyrkjelyden til å seie nei til postkassereklame
- ☐ 43. Vi vil kopiere på begge sidene av arket
- ☐ 44. Vi vil bruke prosjektør i staden for papir der det er råd
- ☐ 45. Vi vil kjøpe brukte ting i staden for nye der det er råd, og reparere gamle ting i staden for å kjøpe nye
- ☐ 46. Vi vil kompostere organisk avfall
- ☐ 47. Vi vil levere glas, metall og plast til resirkulering
- ☐ 48. Vi vil levere elektronisk og anna spesialavfall til godkjent mottak
- ☐ 49. .....
- ☐ 50. .....

DEN NORSKE KYRKJA · KIRKENS NØDHJELP actalliance · Norges Kristne Råd KIRKENE SAMMEN · Global Info · DEN NORSKE KIRKES NORD/SØR-INFORMASJON · SKAPERVERK OG BÆREKRAFT

grønnkirke.no
kirkelig nettverk for skaperverk og bærekraft